



Karl Johan Rolfsvaag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/16624 - 20/68230

Saksbehandlar:

Kjell Rune Standal

kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Dato:

28.10.2020

Vedtak og utsending av matrikkelbrev for gbnr 445/493, 494 og 495

Viser til mottaken rekvisisjon av oppmålingsforretning den 11.06 2020 og epost sendt den 14.10 2020. over gbnr. 445/416 og 417.

I eposten vert det søkt om utsetjing av oppmålingsforretning der ein vil venta med oppmåling grunna tett skog.

Søknad om oppretting av ny matrikkeleining er behandla etter plan og bygningslova og er godkjend i sak 1026/20, datert 30.09 2020. Det vert no gjort slikt vedtak etter matrikkelova:

Vedtak:

Me viser til matrikkelova § 6 andre ledd og forskrift til matrikkelova § 25 pkt. 2, og godkjenner søknaden om oppretting av matrikkeleining før oppmålingsforretning er fullført.

Eigedomane er tildelt gbnr 445/493, 494 og 495.

Frist for fullført oppmålingsforretning vert sett til 14.10 2022..

Ny matrikkeleining gbnr 445/493, 494 og 495 er nå oppretta og tinglyst.

Vedlagt fylgjer matrikkelbrev over gbnr 445/493, 494 og 495.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato.

Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.statkart.no for meir informasjon om matrikkelen.

Det kan no skrivast skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigefråsegn om konsesjonsfridom ved tileining/kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen før skøytet kan tinglysast.

Eigedomen er å finna på www.seiendom.no og www.nordhordlandskart.no

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 97603544 eller epost kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjell Rune Standal
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

445_493_Matrikkelbrev
445_494_matrikkelbrev
445_495_matrikkelbrev

Mottakarar:

Karl Johan Rolfsvaag